



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
30.08.2011
Dykkar dato
05.01.2011

Vår referanse
2011/117 542.1
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201102942	Dok.nr. 3
02 SEPT. 2011	
Arkivnr. 313	Saksh. TROWAH
Eksp.	
U.off.	

Løyve til utslepp frå Eide Fjordbruk AS på lokaliteten Langøy i Lindås kommune

Eide Fjordbruk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3.120 tonn tonn MTB matfisk av laks og aure på Langøy. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Fylkesmannen føreset at lokaliteten blir drifta i vekseldrift med lokaliteten Ospeneset og at det ikkje blir auke i den ståande biomassen i fjordområdet til ei kvar tid.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk av 13. desember 2010 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 5. januar 2011, med ettersending av kommunalt vedtak av 11. mai 2011 oversendt den 18. august 2011. Kommunen hadde ingen merknader til søknaden etter plan og bygningslova men ønskte ei utgreiing av konsekvensane for elvane i området og at utvidinga vart sett i lys av det pågåande planarbeidet med interkommunal plan for Fensfjorden.

Verksemda søker om løyve til samlokalisering og /utviding av biomasse i anlegget frå 780 tonn til 3.120 tonn MTB. Søkjar ønskjer denne samlokaliseringa og utvidinga på lokaliteten for å kunne drive vekseldrift med lokaliteten Ospeneset.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Tilhøvet til plan

Lokaliteten ligg innafør avsett areal til akvakultur i kommuneplanen.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Lokaliteten ligg i nærleiken av viktige sjøaurevassdrag. Fylkesmannen føreset at lokaliteten blir nytta til vekseldrift i lag med lokaliteten Ospeneset slik at biomassen i området blir uendra, men at brakkleggingstida på kva lokalitet blir auka. Det fører og til at avstanden til viktige sjøaurevassdrag blir større dei periodane lokaliteten Ospeneset ikkje blir drifta.

Lokaliteten ligg i nærleiken av fuglereservat og kjende yngleplassar for oter. Drifta ved anlegget må tilpassast desse forholda.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12

Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget omkring tiltaket og eventuelle konsekvensar av tiltaket som tilstrekkelege til å fatte vedtak. Det er ikkje funne urimeleg risiko for skade på økosystemet utafør anlegget si nærsone. Det er ei stor produksjon og tilsvarande fare for auka belastning i anlegget sin nærsone. Årlege MOM B-undersøkingar vil vere ei oppfølging av lova si § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Vurdering av sjøområde som resipient

Lokaliteten ligg i ein stor resipient, Fensfjorden og Austfjorden. Fjorden er djup og det er fråver av tersklar i området. Oksygenmålingar syner lik oksygenmetning i heile vassprofilen.

Straummålingane på lokaliteten syner straumforhold som forventa i ein fjord på Vestlandet, men lokaliteten blir vurdert som å ga god vassutskifting i heile vassprofilen.

Det er svært djupt og bratt på lokaliteten, der botnen skrar bratt ned mot 550 m djup med en hellingsvinkel på 55 grader. Det var fjellbotn på 7 av 10 prøvepunkt då det vart gjort miljøundersøking på lokaliteten. Dette gjer at MOM B undersøkingar ikkje er eigna metode på lokaliteten. Oppdrettar må difor sørge for at det blir gjort alternative miljøundersøkingar tilpassa lokalitetar med hardbotn eller at det blir gjort C-undersøkingar.

Ut frå dei resultatane som blir presenterte i søknaden og innsende rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gi løyve til ein biomasse på 3.120 tonn på lokaliteten.

Lokaliteten ligg inne i eit fjordsystem. Fjordlokalitetar synes å vere mest kjenslege for organisk belastning og ha mindre bæreevne samanlikna med lokalitetane ute på kysten. Lokaliteten er tildelt ein høg maksimal tillaten biomasse (MTB) og anlegget er forventa å gi vesentleg organisk belastning på lokaliteten. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410 eller gjere som skrive i førre avsnitt. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemda utfører resipientundersøking med MOM C etter 2 år i drift. Dette skal gjerast for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Det er gebyr for handsaming etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klif etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

Tom N. Pedersen
overingeniør

Vedlegg: Utsleppsløyvet (vedlegg 1)
 Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi:

Eide fjordbruk AS, 5640 Eikelandsosen

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og Omland, Postboks 383, 2381 Brumunddal

Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund

Fiskeridirektoratet, Region Vest, Postboks 185, 5804 Bergen